



Landslaget for Lokalaviser

RTS

RHO

Ob 883-43  
841.1

**Samferdselsdepartementet**

Boks 8010 Dep

0030 Oslo

*postmottak@sd.dep.no*

Frå Landslaget for Lokalaviser

**Høyringsuttale for forslag til ny konsesjon for Posten Norge AS**

Landslaget for Lokalaviser (LLA) viser til Samferdselsdepartementets brev av 15. september 2006 om utkast til ny konsesjon for Posten Norge AS.

Departementet skriv i St.prp.nr. 1 (2006-2007):

*"Posttenestene er ei avgjerande brikke i infrastrukturen som må fungere for å sikre busetnad og næringsutvikling. Regjeringa skal sikre likeverdige kvalitetstenester til same pris over heile landet."*

Dette er viktig og LLA ser det som ein positiv politisk vilje til å styrka Postens samfunnsrolle, noko som må uttrykkest tydeleg i Postens konsesjon. Postens distribusjonstenester er heilt avgjerande for avismangfaldet i Norge. For lokalavisene er Posten i praksis den einaste aktuelle distributøren for heile eller store delar av opplaget. Høg kvalitet, god service, rettvisе prisar og utdeling seks dagar i veka er avgjerande for avisene. Det er og viktig at Postens tenester og vilkår er langsiktige.

Posten har ei sær s viktig rolle for infraktstrukturen i landet på eit så avgjerande område som distribusjon. Difor meiner LLA at Posten gjennom konsesjonen må påleggjast eit klart samfunnsansvar, der avisdistribusjon må inngå i dette ansvaret. Grunngevinga for dette er den heilt spesielle funksjonen avisene har for informasjon og debatt og dermed for demokratiet. Dette er og nedfelt i den offentlege pressepolitikken.

Med avisenes viktige samfunnsrolle, bør staten på alle område føra ein positiv politikk for avisene, slik som ved momsfratak på abonnement og laussal og produksjonstilskot. Det er sær s viktig at dette og blir gjort gjennom Postens konsesjon ved at Posten får samfunnsansvar for avisdistribusjon.

Dagspresseutvalget (NOU 2000: 15 *Pressepolitikk ved et tusenårsskifte*) peikar på kor viktig det er at styresmaktene ser pressa sine rammevilkår samla. Avisdistribusjon, og ikkje minst pris på avisporto, er ein sær s viktig del av rammevilkåra, ikkje minst for lokalavisene.



Landslaget for Lokalaviser

### **Differensierte prisar og prisregulering**

Posten Norge differensierer i dag prisane på avisdistribusjon i tre takstnivå (lokal, regional og riks) etter kor langt avisene skal distribuerast. Dei siste åra har avisportoene auka kraftig og det er spesielt blitt vesentleg større skilnad mellom prisgruppene. Dette råkar spesielt riksaviser som har abonnentar spreidd ut over heile landet og lokale fådagarsaviser som oftast har ein relativt stor del opplaget utanfor dekningsområdet, såkalla utflyttarabonnentar. Her er både skuleelevar, dei som utfører militærtjeneste og ordinære utflyttarar for kortare periodar eller permanent. Å halda utflyttarar oppdaterte om kva som rører seg i arbeidslivet i heimkommunen er ein nyttig måte for staten å halda opp interessa for arbeidsmarknaden i distrikts-Norge på.

LLA ser det som uheldig at utviklinga går i retning av større skilnader i avisportoene mellom dei forskjellige takstnivå. Det vil svekka banda til heimstaden og samhaldet i landet generelt dersom portoene vil gjera det for kostbart å senda aviser på tvers av landsdelar. Det vil og øydeleggja livsgrunnlaget for riksaviser og mange fådagarsaviser.

Kompensasjonsordninga som i år blir innført for å motverka uheldige konsekvensar av opptrappinga av avisportoene er i så måte positiv dersom den til slutt får ei samlande utforming. Men det er ein føresetnad at det blir ei varig ordning.

LLA meiner det ville vera ei betre løysing om Posten i utgangspunktet har levelege prisar, gjerne regulert gjennom konsesjonen.

LLA støttar forslaget frå departementet om å regulere Posten Norges høve til å gjennomføra prisauke. Ei maksprisordning basert på ein offentlig indeks er eit godt forslag, men indeks pluss fem prosent er for høgt og må kunna reduserast t.d. ved krav om effektivisering.

LLA imøteser med spenning endeleg forslag til ny konsesjon for Posten Norge AS.

Oslo 31. oktober 2006

Venleg helsing  
Landslaget for Lokalaviser

Tomas Bruvik  
styreleiar

Rune Hetland  
generalsekretær



"Rune Hetland"  
<Rune.Hetland@lla.no>  
31.10.2006 23:25

Til <postmottak@sd.dep.no>  
cc <randi.hovde@sd.dep.no>  
bcc  
Emne Høyringsuttale om Postens konsesjon

Til  
Samferdselsdepartementet

Vi viser til Samferdselsdepartementets brev av 15. september 2006 om utkast til ny konsesjon for Posten Norge AS.  
Det var ikkje mogleg for oss å samla styret til handsaming av saka før i dag, og me sender difor vår uttale vedlagt nå.

Mvh.

---

**Rune Hetland**  
Generalsekretær  
Landslaget for lokalaviser

Tlf. 48 03 56 55  
E-post: rune@lla.no

<<LLA-høyring-postkonsesjon-2006.doc>>



- LLA-høyring-postkonsesjon-2006.doc